

# Mathilde

## Rapport om vedlikehald 2016



### Vedlikehald av riggen

#### Mast, bom og andre rundholt i tre

Alle rundholt vart skrapa og olja  
Storbom og klyverjagerbom har også fått tre strøk olje i løpet av året.

#### Segl

Me har gått over og sydd fast alle lik i alle seil, og reparert småskadar. Alle lik har blitt impregnert med blanding av talg, lyse og tjøre.

#### Ståande rigg

Alt av ståande rigg har i løpet av året vorte lappsalva.

#### Løpande rigg

Pigg og klofall vart endevendt og omkledd og lappsalva. Nokre tau har vorte skifta i den løpande riggen.

Alle blokkar vart tatt frå kvarandre, kontrollert, impregnert og smurde.

### Vedlikehald av motor og andre tekniske installasjonar

#### Motor

Motor er gått over av mekanikar. Anodar, impellere, olje- og dieselfiltere vart skifta. Eksos, rør og slangar har me kontrollert.

Alle pumpar om bord er blitt ettersett og ordna.

### **Sentralvarmesystem**

Fyr kjel og sentralvarme, alle rør og koplingar er gått over og kontrollert. Ein lekkasje vart oppdaga og reparert. En del rust fjerna og røyr malt. Me har kjøpt og installert ny manometer til sentralfyren.

### **Hjelpemotor**

Motor er gått over av mekanikar. Anodar, impellere, olje- og dieselfiltere vart skifta. Eksosrør og slangar er kontrollert. Dieselfødepumpe er skifta med ny.

### **Elektriske installasjonar**

Alle elektriske installasjonar er kontrollert.

Alt sikkerhetsutstyr (radioutstyr, nødpeilesendar, radartranspondere, brannsløkkingsutstyr, nødrakettar, linekastere, redningsvestlys, flåtar og medisin) er klassa.

### **Navigasjonsutstyr**

Instalerte ny og betre AIS.

### **Tankar**

Dieseltankar er tømt og rengjort, og inspisert av skipskontrollen.

1 gråvannstank, 2 septiktankar og 2 vasstankar tømt , rengjort og kontrollert for lekkasjar.

## **Vedlikehald og utbetringar under dekk og i byssa**

### **I lugarane**

Alle lugarane blei grundig rengjort etter sesongen, også under dørken.

Alle madrassar i lugarane har vorte skifta ut.

### **På banjeren**

Bordene er matta og lakka.

Kistene grundig vaska etter sesongen.

Skap og banjer vaska ned, også under dørken.

Nye benkekarmer satt på, slik at madrassane ikkje faller ned så lett.

Dørken og leider vart malt, også benkefrontane malt.

Benkeflatene i pantryet er matta og lakka.

Hengekøyene vaska etter sesongslutt.

### **I byssa**

Byssefestet er matta og lakka, og stag rustbanket og malt opp igjen.

Innvendig byssa vasket grundig ned etter sesongen, Dørk og brønn i byssa er malt opp igjen. Komfyr og gass installasjon er rengjort og kontrollert for lekkasje. Rist i byssebrønn rengjort og malt.

Vask og rør system og vann låser kontrollert og rengjort etter sesongen.

Kjøleboks på dekk og grønnskasse er vaska, malt eller lakka.

### **Toalettrom**

Grundig nedvask etter sesong.

Vask og rør system og vasslåser kontrollert og rengjort etter sesongen.

Impellar på toalettumpen er skifta.

Ny toalett vannpumpe.

Ferskavannpumpe til drikkevatten skifta.

Dørkar vart vaska og bona.

Benkeplater vart matta og lakka.

### **Arbeid utført ved slippsetting**

Spyling av heile skroget. Drev opp igjen om lag 12 støyter og stevn-natet akter på babord side. Fylte natene med ny natemasse (30 kg!).

Skifta om lag 10 skipsspikar i botnen.

Skroggjennomføringar og bunnkranar tatt ut og inspisert av sjøfartsdirektoratet.

Nyggel tatt ut og malt.

Spylt og vaska innvendig mellom hud og garnering og i skutebotnen.

Skiftet offeranode.

Årlig bunnbesiktelse gjennomført av sjøfartsdirektoratet.

Stoffing av undervass-skroget.

Olja hekk og ror.

Malte grønmmaling på skutesida akter.

### **Klassing**

Skroggjennomføringar og bunnkranar vart tatt ut og inspisert av sjøfartsdirektoratet.

Årlig bunnbesiktelse gjennomført av sjøfartsdirektoratet ved slipping.

Alt sikkerhetsutstyr (radioutstyr, nødpeilesendar, radartransponder, brannsløkkingsutstyr, nødraketar, linekastere, redningsvestlys, flåtar og medisin) er og klassa før seglingsesongen.

Me fekk ingen pålegg frå sjøfartsdirektoratet ved klassing 2016.

## **Vedlikehald av dekk, rekke, dekkshus og anna på dekk**

### **Topprekke, heks-bjelkar og naglebenker**

Skrappt ned og oljet.

### **Innvendig skanseledning og rekkestøtter**

Rengjort for å bli kvitt grønske. Oljet og malt.

### **Dekk**

Dekket blir i drift sesongen daglig spylt med sjøvann.

Dekket har en gått over og rabatert flekkvis og etterfylt med bek.

Dekk, skandekkk og støtter har fått to strøk med olje.

Innerspeil og rorkult har fått fleire lag olje.

Luftingane til tankane (svanehalsar) er rustbanket og malt.

### **Ruff, lasteluke og nedgangar**

Alle nedgangar (3 stk.) er skrappt og malt.

Ruff og lasteluke er skrappt, oljet og malt.

### **Utstyr på dekk**

Anker (2 stk.) og kjettingar tatt i land, spylt og ankeret er malt.

Ankervinsjen vart i år demontert, alle innvendige deler, banket for rust og smurt.

Me laga og fekk montert kjettingbrems til babord anker.

Skinkekasser er blitt demontert, banket for rust og smurt.

Holder til spettene oppgravd for rust, sendt til sandblåsing og smurt opp igjen.

Krøppelspill smurt og malt.

Kjettingkassene spylt og reingjort, oljet og lokka er malt.

To skorsteinar og deksflensar rustbanka og malt.

Alle livbeltekasser (5 stk.) er vasket og lokkene malt.

Bosstønner og toalettvasstønner, brannpøser er vasket og oljet.

Fortøyningsrister og stativ oljet og malt.

Mann overbord utstyret er ettersett.

### **Hekksbåt**

Lot og eit bord skiftet på heksbåten. Skrog, årer, tiljer og tofter malt (linoljemaling) og oljet.

## Vedlikehald av skrog


### Roret

Me fekk i seilingsessongen eit havari på øvre del av roret. Roret sprakk ved festet til rorkulten, og kløyvdes. Me satte på ein jernramme rundt roret (denne lagde smeen) for holde det saman.

### Fribord og skanseledning



Oljet og malt hele fribordet.



Røstjerna er banket og malt grundig, også opp til jomfruene med nålepistol.

En planke i skanseledningen er skiftet ut. Skanseledning malt utvendig. Ankerklyss og halgatt er rustbanket og malt.